



**Saksframlegg**

Utval	Utvalssak	Møtedato
Arbeidsgruppe Kommunereform	5/16	07.06.2016
Kommunestyret	34/16	16.06.2016

**Endeleg vedtak om ny kommunestruktur**

Vedlegg

1 Valprotokoll for valstyret

**Saksopplysningar**

**Innleiing**

Stortinget behandla 18.06.2014 kommuneproposisjonen for 2015, og stortingsfleirtalet stilte seg bak at det blir gjennomført ein kommunereform i Norge. I henhold til vedtaket har alle kommunar ei utgreiingsplikt i saka, og det har vore eit mål å sørge for gode og lokalt forankra prosessar.

Regjeringa sette fire mål for kommunereforma:

- 1) Gode og likeverdige tenester til innbyggjarane.
- 2) Heilheitleg og samordna samfunnsutvikling.
- 3) Berekraftige og økonomisk robuste kommunar
- 4) Styrka lokaldemokrati og gi større kommunar fleire oppgåver.

Regjeringa oppnemnte i januar 2014 eit hurtigarbeidande ekspertutvalg som skulle foreslå kriterie som har betydning for kommunane si oppgåveløysing. Ekspertutvalget leverte sin sluttrapport i desember same år.

**Nasjonal tidsplan**

Startskotet for kommunereforma gjekk i juli 2014, og fylkesmennene fikk i oppdrag å legge til rette for lokale prosessar. Det blei utarbeidd ei nasjonal framdriftsplan for kommunereforma, der kommunane kunne velge mellom to ulike tidsløp.

Kommunane i Møre og Romsdal har valgt løp 2, kor kvar kommune skal gjere sitt endelege vedtak om framtidig kommunestruktur innan 1. juli 2016. Fylkesmannen i Møre og Romsdal vil 3. oktober 2016 presentere ei samla vurdering for heile fylket som blir oversendt Kommunal- og

moderniseringsdepartementet. Framtidig kommunestruktur blir behandla av Stortinget i kommuneproposisjonen vårsesjonen 2017, og endelig vedtak blir fatta da.

### **Felles prosess og milepælsplan på Nordmøre**

Kommunane på Nordmøre har valgt å organisere felles utgreiingsprosess gjennom ORKidé – Nordmøre Regionråd. Våren 2015 engasjerte regionrådet ein prosessleiar for å støtte kommunane sitt arbeid og koordinere felles aktivitetar i kommunereforma. Kommunane valgte i august samme år å slutte seg til ein felles framdriftsplan:

<b>Fase</b>	<b>Frist</b>
Utredningsfase	Høst 2014 – høst 2015
Sonderingsfase – snevre ned antall alternativ og innlede forhandlinger	Desember 2015- ultimo februar 2016
Utarbeide intensjonsavtaler	Innen utgangen av mars 2016
Innbyggerhøringer	April 2016
Sakforberedelse og dialog etter innbyggerhøring	Mai-juni 2016
Endelig vedtak	Innen 1. juli 2016

### **Grunndata**

Surnadal kommune ligg på Nordmøre i Møre og Romsdal. I nord grenser den mot Halså og Hemne, i aust mot Rindal, i sør mot Oppdal og i sørvest mot Sunndal. Over fjorden i nordvest ligg Tingvoll kommune. Administrasjonssentrumet heiter Skei.

Kommunen består av fleire dalar der Surnadalen er hovuddalen. Kommunen sitt areal på 1 365 km<sup>2</sup> er den tredje største etter Sunndal og Rauma i Møre og Romsdal. I 1965 vart Surnadal, Åsskard og store delar av Stangvik kommune slått saman til den geografiske eininga vi har i dag.

Kommunikasjonane ut og inn av kommunen går mot Halså (35 km og reisetid på 30 minutt mellom kommunesentra), Rindal (29 km og reisetid på 25 minutt mellom kommunesentra) og Sunndal i (45 km pluss ferje på 10 minuttar – total reisetid på 55 minutt mellom kommunesentra.

Med eit folketal på 5 962 pr. 1. april 2016 er Surnadal kommune ein middels stor kommune i Norge. Kommunen er samansett av fleire bygdesenter, men det er nedre Surnadal som har den største busettinga med i underkant av 4 000 innbyggjarar. Samla folketal var på sitt høgaste i 1988 med 6 514 innbyggjarar.

Pendlartala dei siste åra viser at pendlinga ut av kommunen er stabil, mens innpendlinga har auka. Inn til kommunen pendlar flest rindalingar (170 (av desse ca. 40 avløyssarar), mens innpendlarar (83) frå Halså er ein god nr. to. Frå Sunndal inn til Surnadal pendlar 21 personar. Det er derimot Sunndal kommune som tek imot flest pendlarar (114) frå Surnadal. Deretter er det mest pendling til Rindal (112) og Halså (47).

### **Prosesen**

Arbeidet med kommunereforma starta opp hausten 2014. Ordføraren tok del i oppstartsmøtet i Sør-Trøndelag den 26.08.14, mens både ordføraren og administrasjonen var representert på oppstartsmøtet i Møre og Romsdal den 17.09.14.

Surnadal kommune fatta vedtak om å gjennomføre ein kommunereformprosess i sitt møte i oktober.

*Vedtak i kommunestyret 07.10.14:*

- 1. Surnadal kommunestyre viser til kommuneproposisjonen 2015 og målsettinga med kommunereforma. Surnadal kommune skal vere ein konstruktiv part i lokale og regionale prosessar.*
- 2. Kommunestyret merkar seg føringar om framtidig kommunestruktur som samsvarar med funksjonelle samfunnsutviklingsområde. Det er avgjerande at framtidig inntektssystem sikrar økonomisk bærekraft og handlingsrom for samfunnsutvikling i kommunane.*
- 3. Kommunestyret vil bruke nødvendig tid til å vurdere utfordringsbildet for Surnadal kommune i lys av kommunesamanslåing og involvere innbyggjarane. Surnadal kommunestyre meiner at det er viktig å få innsikt i grunnleggjande faktorar som oppgåvedelinga og føringar om endringar i inntektssystemet. Kommunestyret tek derfor sikte på å følgje løp 2 for gjennomføring av reforma, der ei eventuell samanslåing skal vere gjennomført i 2020.*
- 4. Kommunestyret er oppteken av at innbyggjarane blir godt opplyst om kommunereforma og får høve til å engasjere seg. Rådmannen vert beden om å sørge for informasjon med analyse av eigenstatus og utfordringsbilde - og etter nærare avklaring med formannskapet førebu folkemøte og gjennomføre innbyggjarundersøking.*
- 5. Kommunestyret vil arbeide med kommunereforma som kontinuerleg prosess med utgangspunkt i komande rettleiar frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet og løpande innspel frå lokalt, regionalt og sentralt nivå. Nærare framdriftsplan for prosessen fram mot vedtak innan våren 2016 blir å kome tilbake til innan 31.12.2014.*
- 6. Ordførar og rådmann blir oppfordra til å ta initiativ til uformelle samtalar med andre kommunar i regionen for å avstemme arbeidet og tankane omkring kommunereformen. Kommunestyret finn det naturleg at ein utvider regionbegrepet ut over fylket sine grenser, slik at samarbeidskommunane våre i til dømes Hamos og LiO/SIO vert aktuelle samtaleparter.*
- 7. Formannskapet, Rådmannen ,hovudtillitsvalt og ein representant frå ungdomsrådet blir valt som arbeidsutvalg for prosessen, medan kommunestyret blir styringsgruppe.*

Vidare aktivitet:

- |          |  |
|----------|--|
| 21.10.14 | Samtale med Halså kommune                                    |
| 22.10.14 | Felles formannskapsmøte for nordmørskommunane i Kristiansund |
| 29.10.14 | Samtale med Rindal kommune                                   |
| 14.11.14 | Samtale med Sunndal kommune                                  |
| 18.11.14 | Utvida kommunestyremøte – innspel til prosessplan            |

Ordføraren og rådmannen hadde innleiande samtalar med nabokommunane Halså, Rindal og Sunndal.

18.11.14 vart det arrangert eit utvida kommunestyremøte med gruppearbeid, der også ungdomsrådet var med, for å kome med innspel til prosessplanen.

På bakgrunn av dette møtet vart det laga ein prosessplan som vart lagt fram for kommunestyret før jul.

### *Vedtak i kommunestyret 11.12.2014*

- 1. Surnadal kommunestyre godkjenner prosessplanen som framlagt.*
- 2. Det skal gjennomførast ei nettbasert innbyggerundersøking i 2.kvartal 2015.*
- 3. Rådmannen blir kommunen sin kontaktperson opp mot Fylkesmannen.*
- 4. Ordføraren blir prosjektleiar i kommunereformprosessen.*

Vidare aktivitet:

18.12.14 Møte i Surnadal mellom Rindal, Meldal, Rennebu, Oppdal, Sunndal og Surnadal  
07.01.15 Møte i Orkanger mellom Surnadal, Rindal, Meldal og Orkdal

På førjulsmøtet på Thon Hotel Vårsøg møttest kommunane rundt Trollheimen. På møtet innleide representantar frå bankvesen, likningskontor, energiverk og jordskifte. Kommunane orienterte om status i arbeidet med kommunereforma. Det er Trollheimen som bind kommunane saman, men det er og Trollheimen som gjer området lite funksjonelt som bu og arbeidsmarknadsregion. Det vart derfor konkludert med at det var lite realisme i at desse kommunane saman skal vere eit aktuelt alternativ til ny kommune, sjølv om ein del av kommunane inngår i fleire interkommunale samarbeid og her felles forvaltings- og reiselivsinteresser i Trollheimen landskapsvernområde.

Etter initiativ frå Rindal kommune vart det arrangert eit møte i Orkanger på nyåret mellom Surnadal, Rindal, Meldal og Orkdal. Verken frå Surnadal eller Orkdal si side var det på noko tidspunkt aktuelt at Surnadal vart ein del av orkdalsalternativet.

Etter innspel om samansettinga av arbeidsutvalet og ønske om breiar politisk representasjon, vart det i februar 2015 fatta følgjande vedtak i kommunestyret.

### ***Vedtak i kommunestyret 12.02.2015***

- 1. Som nytt medlem i arbeidsutvalget blir Marit G. Langli vald. Vara: Johs. J. Vaag.*
- 2. Rådmannen sørger for at det blir utnemnt varamedlemmer for hovudtillitsvald og ungdomsrådet sitt medlem.*

Vidare aktivitet:

13.02.15 Samtale med Sunndal kommune  
14.02.15 Samtale mellom Rindal, Halså og Surnadal  
23.02.15 Folkemøte på Surnadal kulturhus  
18.03.15 Folkemøte på Mo oppvekstsenter (50 personar)  
19.03.15 Folkemøte på Stangvik oppvekstsenter (30 personar)  
23.03.15 Folkemøte på Bøfjorden grendahus (40 personar)  
26.03.15 Folkemøte på Todalen oppvekstsenter (50 personar)  
17.06.15 Møte i den lokalt oppnemnte Tenketanken

I februar hadde politisk og administrativ leiing nye samtalar med nabokommunane Sunndal, Halså og Rindal.

Det vart arrangert fire folkemøte i tidsrommet 18.03-26.03. Dei fire møta tok til 1930 og avslutta 2130. Etter at ordføraren hadde ønska velkommen, heldt først rådmannen ei innleiing om

bakgrunnen for reforma og kva for føringar fylkesmannen hadde lagt for arbeidet. Ordføraren heldt deretter ei innleiing om dei historiske linene frå 1837 og fram til i dag, arbeidsoppgåver i dag og mulege framtidige oppgåver, kva som har vore gjort så langt og planar framover til sommaren 2016 og ulike alternativ for ein framtidig kommunestruktur.

Deretter var det kaffepause med matsservering og summing rundt småbord og utfylling av spørreskjema; ei lita undersøking om ønska kommunestruktur. Her skulle dei oppmøtte prioritere ulike alternativ, og kva som var ønska fylkestilhørigheit for dei ulike alternativa. Det vart gjennomført ei spørreundersøking på folkemøta i Mo, Stangvik, Bøfjorden og Todalen, der dei oppmøtte prioritere ulike alternativ, og kva som var ønska fylkestilhørigheit for dei enkelte alternativa. Det vart gjennomført ei «uhøgtidleg» spørreundersøking på folkemøta i Mo, Stangvik, Bøfjorden og Todalen, der dei oppmøtte prioritere ulike alternativ, og kva som var ønska fylkestilhørigheit for dei enkelte alternativa. Siste halvdel av møtet var sett av til spørsmål og diskusjon.

Oppsummering «uhøgtidleg spørreundersøking»:

Det var 47 personar som hadde nullalternativet som førsteprioritet, og det var eit ganske stort fleirtal av desse som ønska å høyre til Møre og Romsdal (30 personar). 41 personar hadde Surnadal-Rindal-Halsa som førsteprioritet, med 20 for Møre og Romsdal og 21 for (Sør-) Trøndelag. Etter desse to mest populære alternativa kom Surnadal-Rindal der 16 personar hadde dette alternativet som førsteprioritet, med 3 for Møre og Romsdal og 13 for Sør-Trøndelag. Alternativet Surnadal - Sunndal var det 10 personar som hadde som prioritet 1, av desse 8 i Møre og Romsdal og 2 i Sør-Trøndelag. Storkommune med Orkanger som kommunesenter var det 6 personar som prioriterte, 2 i Møre og Romsdal og 4 i Sør-Trøndelag. Storkommune på Nordmøre med Kristiansund som kommunesenter var det 6 personar som prioriterte, 4 i Møre og Romsdal og 2 i Sør-Trøndelag. Det var to personar som hadde Surnadal-Halsa som førsteprioritet, og da med Møre og Romsdal som ønska fylke. Det alternativet var det som kom best ut av alle når det gjeld andre og tredje prioritet.

Vidare vart det første møtet i den lokale Tenketanken gjennomført. Dette var eit av tiltaka i den lokale prosessplanen vedteke av kommunestyret. Dei inviterte skulle vere eit breidt utvalg av befolkninga med tanke på aldrer og interesser: Nora V. Bøe, Øystein Bondhus, Ola Mogstad, Magne Sollid, Steinar Skrøvseth, Elisabeth Mo, Astrid Meland, Gry Norshusstuen, Ragnhild Hausberg, Rune Moe, Torgeir Leivdal, Sven Raner, Trond Skogseth, Nina Koltveit Sæter, Rolf Harang og Ellinor Bolme. Frå kommunen stilte politisk og administrativ leiing.

På dette møtet vart det stilt spørsmål om ikkje alternativet Surnadal, Rindal og Halsa skulle vore utgreidd.

Telemarksforskning vart våren 2015 gjeve i oppdrag frå ORKide å gjennomføre ei felles utgreiing for kommunane, ut frå dei fire måla i kommunereforma og kriteria foreslått av det nasjonale Ekspertutvalget.

For at Telemarksforskning skulle danne seg eit godt bilde av situasjonen i kommunen, blei det 17. juni 2015 gjennomført intervju med rådmann, ordførar og leiar for opposisjonen i Surnadal kommune. Intervjua berørte tema som tenestetilbod, økonomi, samfunnsutvikling, lokaldemokrati, og synspunkt på ulike samanslåingsalternativ. Dette var ein del av utgreiingsarbeidet på Nordmøre.

Ved hjelp av det internettbaserte spørre- og rapporteringssystemet SurveyXact blei det gjennomført ei spørreundersøking i samband med utgreiinga på Nordmøre, for å innhente synspunkt frå politikarar (kommunestyret), administrativ leiing og tillitsvalgte. Spørsmåla berørte synspunkt på blant anna organisering/bemanning, fagmiljø, rekruttering, tenestekvalitet, økonomi og lokaldemokrati, og samanslåingsalternativ. Respondentane frå Surnadal blei også bedt om å vurdere 0-alternativet. I Surnadal var det 65 respondentar som mottok undersøkinga, og 39 respondentar gjennomførte eller svarte på nokre av spørsmåla i undersøkinga. Resultata er oppsummert ved hjelp av gjennomsnitt. Respondentene er bedt om å vurdere ulike påstander fra en skala 1-6, det vil si at et gjennomsnitt under 3,5 ikkje gir støtte til påstanden. Eit gjennomsnitt over 3,5 gir støtte til påstanden. Det er denne undersøkinga vi siktar til når det seinare i saksutgreiinga blir referert til respondentar i Surnadal.

Telemarksforskning fekk i oppdrag å greie ut 13 alternativ. Desse alternativa vart lagt fram for kommunestyret for endeleg godkjenning.

### ***Vedtak i kommunestyret 18.06.2015***

1. *Kommunestyret sluttar seg til følgjande utgreiingsalternativ:*

- *Surnadal aleine (0-alternativet).*
- *Surnadal - Rindal*
- *Surnadal - Halså*
- *Surnadal – Sunndal*

*Som del av arbeidet med å hente inn grunnlagsdata er Surnadal med i alternativet «Storkommune Nordmøre» (inkluderer Kristiansund, Averøy, Eide, Gjemnes, Tingvoll, Aure, Smøla, Halså og Surnadal)*

2. *Utgreiingane skal gjennomførast etter felles mal og ta utgangspunkt i framtida sine utfordringar og kommunereforma sine mål knytt til tenesteproduksjon, samfunnsutvikling, økonomi og lokaldemokrati.*
3. *Revidert prosessplan, med innlagt folkeavstemning februar/mars 2016, blir godkjent slik den ligg føre.*
4. *Vårt førstevalg er å vidareutvikle samarbeidet mellom Rindal, Halså og Surnadal. Dette kan ein gjere ved å utvida samarbeidet mellom 3 sjølvstendige kommunar eller ved at ein på sikt gjer det som ein kommune. Kommunestyret ber om at dette blir med i det vidare arbeidet med kommunestruktur. Rindal, Halså og Surnadal er i dag ein felles bu- og arbeidsmarknadsregion og ingen av desse kommunane er i dag i eit felles bu- og arbeidsmarknadsregion med andre kommunar. I tillegg har desse kommunane eit godtfungerande samarbeid på fleire område. Vi kan her nemne felles barnevern, pp-kontor, og kulturskule samt at dei i lag med fylkeskommunen er eigar av Svorka energiverk.*

Vidare aktivitet:

- |          |  |
|----------|--|
| 19.06.15 | Kollegiemøte i ORKidé – framlegg av delrapport 1 og 2 i kommuneutgreiinga            |
| Juni     | Telefonisk innbyggjarhøyring vart gjennomført  |
| 31.08.15 | Felles formannskapsmøte– tema: felles prosessplan for Nordmøre                       |
| 07.09.15 | Møte i den lokale Tenketanken.   |
| 15.10.15 | Temamøte om kommunereform – framlegg av delrapport 3 og 4                            |
| 05.11.15 | Felles kommunestyremøte i Kristiansund– framlegg av sluttrapport i kommuneutgreiinga |

Surnadal kommune tok i juni, saman med fleire andre nordmørskommunar, del i ein representativ telefonundersøking om kommunereforma. Undersøkinga var laga av Telemarksforskning i samråd med kommunane, og Norstat gjorde intervju. Her vart innbyggjarane spurt om haldninga til ulike alternativ der kommunen inngår. Vidare vart dei mellom anna spurt om haldninga til kommunereforma generelt, kva for tilhøyring dei har til staden dei bur, kommunen, regionen og fylkes (Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag).

I denne undersøkinga var det alternativet Surnadal, Rindal og Halså som fekk høgast score med 4,5 (skala 1-6). Nullalternativet fekk ein score på 4,6. Alternativet Surnadal og Rindal fekk ein score på 4,4, mens Surnadal og Halså fekk 3,7 og Surnadal og Sunndal 3,0. Storkommune Nordmøre med Kristiansund som senter fekk 1,8, mens alternativet med Orkdal fekk 2,6.

Fire delrapportar frå Telemarksforskning blei levert sommaren og hauste 2015, og sluttrapporten med forskarane sine anbefalingar blei presentert 5. november same år. Med bakgrunn i kommunestyret sitt vedtak vart dei to første delrapportane supplert med to rapportar som tok for seg alternativ 14 med Surnadal, Rindal og Halså. Totalt utgreidde Telemarksforskning 15 alternativ, basert på dei enkelte kommunane sine ønske.

I tillegg til dette har Telemarksforskning i ein eigen rapport utgreidd alternativet der Surnadal held fram som eigen kommune, det såkalla 0-alternativet.

Desse alternativa er utgreidd:

- Alternativ 1: Storkommune Nordmøre – Kristiansund, Averøy, Eide, Gjemnes, Tingvoll, Aure, Smøla, Halså og Surnadal.
- Alternativ 2: Surnadal og Rindal
- Alternativ 3: Surnadal og Rindal
- Alternativ 4: Sunndal og Surnadal kommune
- Alternativ 14: Surnadal, Rindal og Halså
- 0-alternativet: Surnadal som eigen kommune

I sin sluttrapport skriv Telemarksforskning at dei meiner det er behov for ny kommunestruktur på Nordmøre. I sluttrapporten foreslår dei ein ny kommunestruktur som i størst muleg grad samsvarar med dei naturlege bu- og arbeidsmarknadsregionane. På denne bakgrunn ser Telemarksforskning for seg fem framtidige kommunar på Nordmøre:

- Kristiansund-Averøy-Tingvoll- (Gjemnes)
- Halså-Surnadal-Rindal (evt. utan Halså)
- Aure-Hemne-Snillfjord (evt. med Halså)
- Sunndal-Neset
- Smøla som eigen kommune

Telemarksforskning skriv følgjande om alternativet Halså-Surnadal-Rindal:

*Kommunene har flere tjenestesamarbeid seg imellom i dag, og de tre kommunene utgjør en felles bo- og arbeidsmarkedsregion. Halså er den kommunen i utredningen som inngår i flest alternativ, noe som tyder på at kommunen har fleire mulige geografiske retningsvalg. Halså er da også en del av alternativ 15, som består av Aure, Hemne, Snillfjord og Halså. Vi har vurdert det slik at det er mest naturlig at Halså går inn i en ny kommune sammen med Surnadal og Rindal, men dersom de skulle velge å gå nordøstover, mener vi fortsatt at Rindal og Surnadal er et godt sammenslåingsalternativ. En sammenslåing mellom disse to kommunene har også bred*

*støtte blant både innbyggere og respondenter, og de har dessuten flere etablerte samarbeid seg imellom.*

Telemarksforskning skriv følgjande i sluttrapporten om «Vurdering av retningsval for Surnadal kommune»

*Surnadal er en av de mellomstore kommunene i utredningen med et innbyggertall på 5 976. Surnadal har inntekter på 107 prosent av landsgjennomsnittet. Respondentene i Surnadal mener at kvaliteten på tjenestene er svært bra, men at den økonomiske situasjonen gjør det litt vanskelig å oppnå ønsket kvalitet på tjenestene. Små og sårbare fagmiljø oppleves i liten grad som en utfordring, og rekruttering ser ut til å gå greit. Det er i noe grad krevende å håndtere stadig økende krav til de kommunale tjenestene.*

*Noen av disse utfordringene løser Surnadal gjennom interkommunalt samarbeid, og kommunen har til sammen 40 ulike samarbeid. Surnadal har en rekke samarbeid med nabokommunene Rindal og Halså, men inngår også i større samarbeid på Nordmøre eller østover mot Sør-Trøndelag og Orkdalsregionen.*

*I utredningen inngår Surnadal i fem alternativer. Av disse er det alternativet med Surnadal, Halså og Rindal som gjør det best. Spesielt gjør dette alternativet det bra på økonomi og tjenester, men også over middels på samfunnsutvikling. Surnadal utgjør sammen med Rindal og Halså en egen bo- og arbeidsmarkedsregion. Det er også dette alternativet respondentene i Surnadal er mest positive til med et snitt på 5,0. Også innbyggerne i Surnadal er mest positive til dette alternativet med et snitt på 4,5. Både respondentene og innbyggerne er også positive til en sammenslåing mellom Surnadal og Rindal, og omtrent nøytrale til en sammenslåing mellom Surnadal og Halså. Av disse to så scorer Surnadal og Halså marginalt bedre enn Surnadal og Rindal i vurderingene.*

*Respondentene i Surnadal peker også på mål knyttet til tjenesteyting som de viktigste målene ved en kommunesammenslåing. Både rekruttering, å sikre god tilgjengelighet for innbyggerne og å være robust for å møte framtidige utfordringer pekes på som viktig. Av alternativene Surnadal inngår i, er det alternativ 10 med Sunndal og Surnadal som scorer best.*

*I forlengelsen av denne utredningen, har Surnadal kommune også bedt om en utredning knyttet til «Surnadal som egen kommune». Denne utredningen vil kunne bidra til å gi Surnadal mer kunnskap om videre retningsvalg i kommunereformen.*

Ei samla oversikt over dei utgreidde alternativa og rapportane til Telemarksforskning er å finne på <http://www.surnadal.kommune.no/kommunereformen/utgreiingar/>.

Rådmannen meinte i si saksutgreiing at det må settast ned eit sonderings-/ forhandlingsutval som saman med liknande utval i Halså og Rindal undersøker mulegheitene for å gå vidare med eitt av desse alternativa:

Halså- Surnadal-Rindal  
Rindal-Surnadal  
Halså-Surnadal

I møtet med den kommunale Tenketanken den 7. september vart det orientert om innbyggjarhøyringa og dei to første delrapportane.

**Vedtak i kommunestyret 10.12.2015**



1. *Det blir valt eit sonderings-/forhandlingsutval samansett slik:*
  - *Ordførar*
  - *Varaordførar*
  - *Leiar for opposisjonen i formannskapet (Nils Håvar Øyås)*
  - *Rådmann*
  - *Hovudtillitsvalt, som får møterett inntil val av framtidig kommunestruktur er gjort. Når form på framtidig kommunestruktur er avgjort politisk i kommunestyret får hovudtillitsvalt tale-, forslags- og stemmerett.*
2. *Kommunestyret gir forhandlingsutvalet mandat til å forhandle fram ein intensjonsavtale som grunnlag for å vurdere samanslåing med Rindal og/eller Halså. Forhandlingsresultatet blir lagt fram for Surnadal kommunestyre og deretter til ei eventuell folkeavstemming.*
3. *Forhandlingsutvalet legg fram status for sitt arbeid på kvart møte i formannskap og kommunestyre inntil arbeidet er ferdig. Ved behov skal det kallast inn til ekstraordinære møte.*
4. *Ein intensjonsavtale bør innehalde:*
  - *Visjonar og mål med samanslåinga*
  - *Politisk og administrativ organisering*
  - *Fordeling av oppgåver og funksjonar (lokalisering)*
  - *Behov for interkommunalt samarbeid*
  - *Kommunenamn og kommunevåpen*
  - *Handtering av dei tilsette i prosessen*
  - *Økonomiske styringsprinsipp og målsettingar*
  - *Høyring av innbyggjarane*
  - *Tidspunkt for samanslåing*
5. *Folkeavstemming skal haldast seinast i løpet av april 2016.*
6. *Revidert prosessplan blir godkjent slik den ligg føre.*
7. *Surnadal inviterer Rindal og Halså til et sonderingsmøte primo januar.*
8. *Surnadal anser alternativ storkommune Nordmøre og alternativ Surnadal og Sunndal som ikkje lenger aktuelle for Surnadal.*

Vidare aktivitet:

- |           |  |
|-----------|--|
| 7-8.01.16 | Framtidsanalyse for Nordmøre                               |
| 14.01.16  | Sonderingsmøte i Surnadal mellom Rindal, Halså og Surnadal |
| 10.02.16  | Førebuande rådmannsmøte mellom R, H og S.                  |

ORKide arrangert eit seminar kor ein skulle utarbeide ei framtidsanalyse for Nordmøre. Surnadal kommune var og representert frå administrasjonen i dette arbeidet.

Etter innleiande sonderingssamtalar vart Surnadal, Rindal og Halså einige om å forhandle fram ein intensjonsavtale. Det vart sett som krav frå Rindal kommunen at skulle dei vere med på å

forhandle fram ein intensjonsavtale mellom Surnadal, Rindal og Halså måtte Surnadal og Halså gjere eit vedtak om at dette var under føresetnad av framtidig fylkestilhørigheit til (Sør-) Trøndelag. Saka måtte derfor opp i kommunestyret før vidare forhandlingar vart gjennomførte.

#### **Vedtak i kommunestyret 18.02.16**

1. Surnadal kommune opprettheld sitt vedtak om å halde rådgivande folkeavstemming.
2. Dato for folkeavstemming blir sett til 25. april.
3. Førehandsstemminga startar 11. april (2 veker før).
4. Det vil i praksis ikkje vere muleg å administrere framandstemmegiving.
5. Valet blir gjennomført med utgangspunkt i 6 stemmestader/valkretsar.
6. Nedre aldersgrense for å stemme blir sett til 16 år.
7. Valstyret i Surnadal blir gitt fullmakt til å organisere rådgivande folkeavstemming utover dei vilkår som blir sett i dette vedtaket.
8. Kommunestyret sluttar seg til intensjonen om framtidig fylkestilhørigheit til (Sør-) Trøndelag for samanslåingsalternativet Halså, Surnadal og Rindal.
9. Ein ny kommune beståande av Halså, Surnadal og Rindal skal baserast på frivilligheit frå alle tre. Det vil seie at eit nei frå ein av dei tre kommunane betyr av samanslåingsalternativet Halså, Surnadal og Rindal ikkje blir gjennomført.
10. Grendamøte blir teke inn i prosessplanen igjen.

Vidare aktivitet:

26.02.16	Forhandlingsmøte mellom S, R og H
01.03.16	Forhandlingsmøte mellom S, R og H
03.03.16	Førebuande rådmannsmøte mellom S, R og H
07.03.16	Siste forhandlingsmøte – underskrevet intensjonsavtale mellom S, R og H

Det var ein hektisk periode med forhandlingar i månadsskiftet februar og mars. Forhandlingsutvala arbeidde seg fram til ein intensjonsavtale, som vart underskreven i Rindal den 3. mars 2016. Kommunestyret fekk framlagt avtalen for endeleg vedtak den 17. mars.

Punkt 9 i kommunestyret sitt vedtak ovanfor var lagt til grunn i forhandlingane, og det skulle vere ein føresetnad at alle tre skulle vere med om alternativet skulle gjennomførast. Føremålet var å unngå tvangssamanslåing. Det har undervegs ikkje vore teke initiativ til dialog med kommunane enkeltvis for å sjå på ei 2-kommuneløysing.

#### **Vedtak kommunestyret 17.03.2016**

- Intensjonsavtalen blir vedteke slik den ligg føre.
- Det blir gjennomført rådgivande folkeavstemming over to alternativ:  
Alternativ 1: Halså, Rindal og Surnadal etablerer ein ny kommune.  
Alternativ 2: Surnadal fortsett som eigen kommune med dagens grenser.

#### **Intensjonsavtalen mellom Surnadal, Rindal og Halså**

I intensjonsavtalen ligg det ein føresetnad at den nye kommunen skulle bli ein del av (Sør-)Trøndelag fylke, eller ein framtidig samanslått region i Midt-Norge. Dersom denne føresetnaden ikkje blir realisert som ein del av reforma, er denne delen av avtalen å sjå på som

ikkje oppfylt. Det ligg og i intensjonsavtalen at ein ny kommune skal baserast på frivilligheit frå alle tre, at eit nei frå ein av kommunane betyr at alternativet ikkje blir gjennomført.

Samanslåinga vil gjelde frå 1. januar 2020. Det er gjennom avtalen lagt føringar for korleis dei tre kommunane skal danne den nye kommunen. Dersom kommunane vedtek å slå seg saman, vil det bli nedsett ei fellesnemnd med representantar frå alle kommunane. Fellesnemnda får for å førebu den nye kommunen ut frå føringane i intensjonsavtalen. Kommunane går likeverdige ii i eit slikt samarbeid, og fellesnemnda skal derfor ha jamnbyrdig samansetting frå kommunane.

Den nye kommunen vil bli i underkant av 10 000 innbyggjarar. Kommunesenteret vil bli Skei i Surnadal. Kommunale arbeidsplassar skal fordelast mellom dei tre noverande kommunehusa/kommunane forøvrig.

Kommunestyret i den nye kommunen skal ha 35 medlemmar Den nye kommunen skal organiserast etter formannskapsmodellen, og formannskapet skal ha 9 medlemmar. Det skal utarbeidast ein modell for desentraliserte rådsorgan, som for eksempel eldreråd og ungdomsråd.

Vidare aktivitet:

18.03.16 Informasjonsmøte med Surnadal ungdomsskole på Surnadal kulturhus.

29.03.16 Folkemøte i Bæverfjorden (40 personar)

30.03.16 Folkemøte i Todalen (45 personar)

04.04.16 Folkemøte Stangvik (40 pesonar)

05.04.16 Folkemøte på Surnadal kulturhus (80 personar)

05.04.16 Folkemøte på Mo oppvekstsenter (45 personar)

24-25.04 Folkeavstemning

26.04.16 Felles pressemøte etter innbyggjarhøyringar

18.05.16 Felles møte (forhandlingsutvalg) etter innbyggjarhøyringane

Etter at intensjonsavtalen var klar vart det lagt opp til informasjonsmøte om avtalen og status i kommunereformarbeidet.

På Surnadal kulturhus var heile ungdomsskulen samla. Ordføraren og ungdomsrådsleiaren orienterte og det vart gjennomført Kahoo om kommunereforma. Engasjerte ungdomar svarte etter beste evne.

Folkemøta hadde stor oppslutnad. Ordføraren leia møta. Administrasjonen orienterte om innbyggjarhøyringar og utgreiingar siste året og om sjølve intensjonsavtalen.

Folkeavstemninga vart gjennomførte 24-25.april. Det var førehandsavstemning 11. – 22. april. Det var 1 604 personar som stemte, og det utgjorde 32,8 prosent av dei stemmeberetta. Av desse stemte 61,3 prosent for at dei ønska samanslåing med Rindal og Halså, mens 38,7 % ønska at Surnadal fortsett som eigen kommune med dagens grenser.

Status etter folkeavstemninga i Halså:

- Halså, Aure, Hemne og Snillfjord: 44,9%
- 0-alternativet – Halså kommune aleine 26,7%
- Halså, Surnadal og Rindal 18%
- 6-kommunealternativet. Nordmøre: 8,7%
- Blanke stemmer: 0%

Valdeltaking: 60,8%

Halsa gjennomførte ei innbyggerundersøking parallelt med folkeavstemninga. 200 respondentar over 16 år:

- Halsa, Aure, Hemne og Snillfjord: 3,2
- 0- alternativet – Halsa kommune alene: 3,0
- Halsa, Surnadal og Rindal: 2,7
- 6- kommunealternativet. Nordmøre: 2,2

Rindal kommune gjennomførte folkeavstemning 29.-31.05.16. På det første spørsmålet svarte 476 personer eller 51,1 prosent **ja** til kommunesamanslåing.

Av desse foretrekker 324 personar eller 68 prosent orkdalsalternativet på det andre spørsmålet, mens 150 personar eller 32 prosent foretrekker nordmørsalternativet.

På det første spørsmålet svarte 440 personar eller 47,2 prosent **nei** til kommunesamanslåing.

Av desse foretrekker 246 personar eller 56 prosent orkdalsalternativet på det andre spørsmålet, mens 176 personar eller 40 prosent foretrekker nordmørsalternativet.

Tala viser at blant dem som seier ja til samanslåing, får orkdalsalternativet tilslutning frå meir enn dobbelt så mange som nordmørsalternativet.

Rindal har også gjennomført ei innbyggerundersøking i mai. Tala frå innbyggerundersøkinga i Rindal viser, i likheit med folkeavstemninga, eit fleirtall for kommunesamanslåing. Resultatet blei 33% for nordmørsalternativet, 25% for orkdalsalternativet og 37% for nullalternativet. I innbyggerundersøkinga er dei tre alternativa sidestilt.

## Vurdering

### **Kommunen si rolle som tenesteutøvar og rolle for å ivareta rettstryggleiken til innbyggerane**

Kommunane i Norge har det same ansvaret, uansett størrelse, å gi sine innbyggerar dei same lovpålagte tenestene. Rådmannen meiner at kommunen klarer å innfri dette og at vi har arbeidstakarar med god kompetanse på stort sett alle postar.

Det kan vere utfordringar med omsyn til å rekruttere enkelte fagfolk, men det er ofte i stillingar som vi ser det kan vere utfordrande å rekruttere folk i uavhengig av kommunestorleik.

Telemarksforskning si utgreiing viser at dei som er blitt kontakta i Surnadal meiner det er tilstrekkeleg distanse mellom saksbehandlar og innbyggerar i kommune. Dette er og eit inntrykk rådmannen sit med.

Surnadal har og kapasitet og kompetanse på dei store tenestoområda. På dei store tenestoområda har Surnadal lite interkommunalt samarbeid og handterer dette godt på eiga hand. Unntaket er legevakt og øyeblikkeleg hjelp-senger kor Surnadal har eit samarbeid mot orkdalsregionen. Innafor dei små og spesialiserte tenestene inngår Surnadal i fleire interkommunale samarbeid. På desse områda har kommunen eit tett samarbeid med Rindal og Halså. Surnadal, Rindal og Halså samarbeider mellom anna innafor barnevern, og den kompetansen som barnevernet i dag sit med er viktig for å løyse oppgåvene på ein forsvarleg måte. Innafor PP-tenestene samarbeider også

desse tre kommunane, og det er også eit fagområde som tener på det interkommunale samarbeidet vi har i dag.

Respondentane i Telemarksforskning si undersøking meiner at ytterlegare interkommunalt samarbeid er å foretrekke framfor kommunesamanslåing. Rådmannen meiner at dei interkommunale samarbeida vi har i dag fungerer bra og er godt oversiktlege. Om kommunen må utvide det interkommunale samarbeidet til nye områder, vil ikkje det ut i frå slik situasjonen er i dag etter rådmannen si meining vere demokratisk uheldig.

### **Kommunen si rolle som samfunnsutviklar**

Surnadal kommune har 5 976 innbyggjarar, og der er forventa ein vekst fram til 2040 til 6 395. Surnadal utgjer saman med Rindal og Halså ein eigen bu- og arbeidsmarknadsregion, og desse tre kommunane utgjer etter rådmannen si meining eit geografisk naturleg område. Over 80% av dei sysselsette i kommunen arbeider i dag i eigen kommune. Avstandane innafor kommunen sine grenser er innafor akseptabel pendlaravstand.

Surnadal kommune er ein stor kommune i areal og har plass nok til å huse eiga befolkning og næringsliv. Sett frå ein arealfagleg ståstad har kommunen ikkje behov for å sjå på arealbruken i nabokommunane for å ivareta ein heilskap i å ivareta areal og transportinteresser tilpassa klima og miljøomsyn. Dette i motsetnad til store innpendlingskommunar i tettbygde strok.

Surnadal, Rindal og Halså er eit funksjonelt bu- og arbeidsmarknadsområde. Desse kommunane samarbeider i dag godt på fleire felt. Som éin kommune ville ein når det gjeld den større tenesteproduksjonen kunne gjere nytte av nabokommunane sine oppvekst- og helse- og omsorgstenester i dei bygdene som grensar opp mot Halså og Rindal.

Dersom Surnadal forsett som eigen kommune, så vil ein ikkje nå målet i kommunereforma om at kommunegrensene i større grad skal samanfalle med bu- og arbeidsmarknadsregionane.

### **Kommunen som demokratisk arena**

Ei av årsakene til at Surnadal samla gjer det bra i vurderingane til Telemarksforskning, er at vi scorer godt på demokrati. Politikarane er fornøgd med korleis demokratiet fungerer, og kvaliteten på blant anna saksframlegg. Innbyggjarane har også mange mulegheiter til å påverke også utanom valg. Surnadal har mange interkommunale samarbeid, men dei blir ikkje opplevd som for omfattande eller vanskeleg å styre. Telemarksforskning si vurdering er at dersom Surnadal fortsett som eigen kommune vil ein måtte samarbeide om nokre av dei nye oppgåvene som skal overførast frå stat og fylke til kommunane.

Rådmannen seier seg eining i dei vurderingane Telemarksforskning har gjort. Det interkommunale samarbeidet har fungert godt, og vi har stor interesse av å halde fram med samarbeidet vi har med Rindal og Halså.

Surnadal kommune har 6 parti representert i kommunestyret. Surnadal har dei fleste medverknadsorgana som ekspertutvalet peikar på er aktuelle for å sikre at innbyggjarane kan påverke politikktutforminga i eigen kommune.

Surnadal har eit kommunestyre som er større enn det innbyggartalet skulle tilseie. Det gjer at det vil vere muleg å sikre både partipolitisk og geografisk representasjon i kommunestyret, og dermed nærheit mellom innbyggjarar og politikarar.

I ein eventuell samanslåingskommune vil det nye kommunestyret ha 35 medlemmar og formannskapet 9 medlemmar. Rådmannen meiner dette vil fungere godt som ein lokaldemokratisk arena. Det er Surnadal som har flest politiske lister, og fleire parti i Surnadal har ikkje tilsvarande i Halså og Rindal. Rådmannen går ut i frå at desse velgergruppene også er å finne i nabokommunane, og at den partipolitiske representasjonen over tid ikkje blir så ulikt det vi har i dag. Lokaldemokratiet bør ha alle føresetnader for å fungere godt i ein ny kommune, men éin ordførar er uansett mindre enn dei 3 vi har i dag, og det i seg sjølv skapar naturlegvis større avstand mellom politisk leing og innbyggjarane.

### Økonomisk status og utvikling

Surnadal kommune er ein økonomisk godt rusta kommune, til tross for enkelte år med negativt driftsresultat dei seinare åra. Kommunen skal etter berekningar ha eit innsparingspotensiale på tenesteproduksjonen. Kommunen har frie inntekter på 107% av landssnittet. Surnadal kommunen fekk ein score på 85 av 100 poeng på økonomi i Telemarksforskning si utgreiing.

Surnadal har gjennomført mange større investeringsprosjekt dei siste åra. Av større prosjekt som det vil bli arbeidd med framover kan ein nemne skuleområdet på Øye, bustader for vanskelegstilte og ei oppgradering av vassforsyninga i kommunen. Kommunen sit med ein stor bygningsmasse, og det er ikkje til å kome bort frå at vi har eit etterslep på vedlikehaldet

### Konsekvensar av nytt inntektssystem

Det er i desse dagar oppnådd einigheit om eit nytt inntektssystem for kommunane. Kommunal- og moderniseringsdepartementet og Kommunenes Sentralforbund har rekna på kva konsekvensar dette vil ha for kommunane.

Verknad av endringar av delkostnadsnøkklene

Kommune	KMD 11.05.2016 Fordelingsverknader ny kostnadsnøkkel (kr pr. innbyggjar)	KMD 11.05.2016 Fordelingsverknader ny kostnadsnøkkel (kommune 1000 kr)	KS 29.04.2016 Fordelingsverknader ny kostnadsnøkkel (kommune mill. kr)
Surnadal	170	1 017	39
Rindal	211	429	455
Halså	340	532	647

- Delkostnadsnøkklane ekskludert basistilskotet.
- Kommunal og moderniseringsdepartementet (KMD) legg til grunn innbyggartal pr. 1.1.2015 og likt beløp pr. innbyggjar.
- Kommunenes sentralforbund (KS) legg til grunn innbyggartal pr. 1.7.2015 og berekningar av kostnadsnøkklane.

Tabellen ovanfor viser at endringa av kostnadsnøkklane ikkje vil ha negative verknader for Surnadal, Halså og Rindal.

Basiskriteriet – strukturkriteriet

I dag får alle kommunar same basistilskot. Det blir no lagt opp til at dagens basiskriterium blir delt i to:

- Flatt beløp på 6,6 millionar kroner pr. kommune
- 6,6 millionar 2016-kronar gradert ut frå reiseavstand på 25,4 km for å nå 5000 innbyggjarar.

Kommune	Avstand for å nå 5 000 innbyggjarar i km
Surnadal	12,3
Rindal	19,8
Halsa	29,7

Kommune	KMD 11.05.2016 Fordelingsverknader gradert basistilskot (kr pr innbyggjar)	KMD 11.05.2016 Fordelingsverknader gradert basistilskot (kommune 1000 kr)	KS 13.05.2016 Fordelingsverknader gradert basistilskot (kommune 1000 kr)
Surnadal	-312	-1 861	-2 096
Rindal	-451	-920	-1 035
Halsa	243	379	422

- KMD legg til grunn innbyggartal pr 1.1.2015 og likt beløp pr innbyggjar
- KS legg til grunn innbyggartal pr 1.7.2015 og berekningar av kostnadsnøkane
- KS sine berekningar får gjennomgåande større utslag i sine berekningar

Vi ser at Surnadal kommune på grunn av det nye strukturkriteriet taper rundt 2 mill. kroner. Rindal mister rundt éin mill. kroner, mens Halsa såpass spreiddbygd at dei kjem ut i pluss samanlikna med i dag. Inntektssystemet er utforma slik at små kommunar som er spreiddbygde ikkje skal miste inntekter.

Ein samanslått kommune får behalde tilskota som om den fortsatt var tre kommunar, da det er lagt inn i kommunereforma at kommunar som slår seg saman skal få behalde dagens basistilskot frå 2020 (da dei nye kommunane er etablert) og i 15 år framover, deretter nedtrapping til det basistilskottet som den nye kommunen vil få over fem år. Fram til 2020 vil det bli innført ei overgangsordning, men denne ordninga er enno ikkje vedteke. I løpet av desse 20 åra må organisasjonen effektiviserast slik at ein kompensere for bortfallet av at dei tre basistilskota blir redusert til eitt basistilskot; eit basistilskot som vil bli utrekna i tråd med nytt inntektssystem.

Det er vidare lagt til grunn at ein også får behalde småkommunetilskottet på kr 5 316 som Halsa og Rindal i dag får kvar om ein slår seg saman.

For Surnadal kommune sin del vil inntektstapet ved å stå aleine vere godt handterbart. Men det er heilt på det reine at kommuneøkonomien er stram. Det er varsla strammare økonomiske tider nasjonalt og at dette også vil ha konsekvensar for kommuneøkonomien rundt om i landet. Denne endringa av inntektssystemet føyer seg inn i ein negativ trend med generelt strammare kommuneøkonomi, mindre kraftinntekter og konsesjonskraftregime under press.

Når det gjeld spørsmålet om korvidt ein er «ufrivillig liten» eller ikkje, er det knytt til først og fremst geografi, og ikkje til om naboen seier nei eller ikkje. Det vil i praksis seie at for å kunne oppretthalde basistilskottet på nivå med i dag, så må ein anten gå inn i ein ny kommune eller ha eit strukturkriterie som tilseier meir enn 25,4 km for å nå 5000 innbyggjarar. Eit nei frå Halsa og Rindal vil derfor ikkje skjerme Surnadal frå effektane av det nye inntektssystemet.

Elles vil kommunar som slår seg saman før få følgjande eingongstilskot:

## Eingongstilskot

Antall kommunar og innbyggjarar i sammenslåingen	0 – 19 900 Innbyggjarar	20 – 49 999 Innbyggjarar	50 – 99 999 Innbyggjarar	Over 100.000 Innbyggjarar
2 kommunar	20 000 000	25 000 000	30 000 000	35 000 000
3 kommunar	30 000 000	35 000 000	40 000 000	45 000 000
4 kommunar	40 000 000	45 000 000	50 000 000	55 000 000
5 eller fleire kommunar	50 000 000	55 000 000	60 000 000	65 000 000

## Reformstøtte

Antall innbyggjarar i sammenslåingen	Reformstøtte
0 – 10 000 innbyggere	5.000 000
10 – 14 999 innbyggere	5 000 000
15 000 – 29 999 innbyggere	20 000 000
30 000 – 49 999 innbyggere	25 000 000
Over 50 000 innbyggere	30 000 000

Ein ny kommune med Surnadal, Rindal og Halså vil få eit eingongstilskot på 30 millionar kroner, og ei reformstøtte på 5 millionar kroner.

I tillegg er det lansert nye økonomiske «gulerøtter» for kommunar som vedtek samanslåing før 1. juli 2016; 150 mill. til infrastruktur (IKT/veg) og eit årleg beløp på 200 mill. til fordeling på kommunar som når ein størrelse på 9 000 innbyggjarar og oppover.

## Oppsummering

Både i spørreundersøkinga som vart sendt til administrative leiarar, politikarar og tillitsvalde (dei såkalla respondentane) og innbyggjarane som vart spurt i innbyggerundersøkinga, vart bedne om å vurdere strukturalternativet kor Surnadal inngår og 0-alternativet med Surnadal som eigen kommune.

På baa desse undersøkingane var det eintydig negative svar til ein storkommune på Nordmøre og ei samanslåing med Sunndal. Innbyggjarane blei også bedne om å vurdere ei eventuell samanslåing over fylkesgrensa til Sør-Trøndelag, noko dei også var negative til. Til samanslåing av Surnadal og Halså er både respondentane i spørreundersøkinga og dei spurte i innbyggerhøyringa ganske nøytrale (score på 3,5).

Alternativa både respondentane og innbyggjarane er positive til er Surnadal + Rindal, Surnadal + Halså + Rindal og Surnadal som eigen kommune. Det er marginale forskjellar mellom dei tre alternativa, men respondentane gir høgast støtte til ei samanslåing av Surnadal, Halså og Rindal, mens innbyggjarane gir høgast støtte til Surnadal som eigen kommune.

Undersøkingar viser at både små og store kommunar kan ha kompetanse- og rekrutteringsutfordringar. Dei fleste skjønner at det ikkje blir fleire fagfolk når kommunar blir slått saman, men at det blir større fagmiljø når dei nye kommunane sentraliserer sine fagmiljø.



Ved interkommunalt samarbeid kan kommunane utnytte mulegheitene ved større fagmiljø der det er tenleg, samtidig som dei kan oppretthalde sin status som eigne kommunar. Samtidig kan kommunane utnytte fordelane som små kommunar har - nærheit mellom innbyggerane og kommunen sine politikarar og tilsette – på dei tunge kommunale tenestene i oppvekst og utdanning så vel som i pleie og omsorg.

Både innbyggerar og næringsliv lever sine daglege liv og opererer på tvers av kommunegrenser. Rådmannen meiner kommuneinndelinga må bygge på funksjonelle område basert på avstandar, areal og folketal. Bu- og arbeidsmarknadsregionane fortel oss kva som er gode funksjonelle område for innbyggerane våre. Dette er svært viktig i vår region der busettinga og jobbmulegheitene ikkje er større enn at dei bør vere på det nivå dei er i dag for å oppnå tilstrekkeleg tilgang på arbeidskraft og kompetanse og sikre framtidig busetting og vekst. Nærheita mellom lokalsamfunnet og den politiske og administrative leiarskapen er og avgjerande for å utvikle samfunnet i ønska retning. Rådmannen meiner vi ivaretek denne nærheita og krava til funksjonelle område i ein ny kommune samansett av Surnadal, Rindal og Halså.

Folkeavstemninga viste eit fleirtal for at kommunen skal bli ein ny kommune samansett av Surnadal, Rindal og Halså. Rådmannen hadde gjerne sett at valdeltakinga var større, men meiner likevel at folket si stemme heilt klart var i overvekt 3-kommunersalternativet og vil derfor tilrå dette alternativet for kommunestyret.

#### **Rådmannen si tilråding**

- Surnadal kommune ønsker å bli ein del av ein ny kommune samansett av Surnadal, Rindal og Halså.
- Dersom det ikkje er fleirtal for dette 3-kommunersalternativet i Rindal og Halså, vil Surnadal kommune halde fram som eigen kommune.

#### **Behandling i Arbeidsgruppe Kommunereform - 07.06.2016**

##### Votering:

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedteken.

#### **Arbeidsgruppe kommunereform si tilråding:**

- Surnadal kommune ønsker å bli ein del av ein ny kommune samansett av Surnadal, Rindal og Halså.
- Dersom det ikkje er fleirtal for dette 3-kommunersalternativet i Rindal og Halså, vil Surnadal kommune halde fram som eigen kommune.

#### **Behandling i Kommunestyret - 16.06.2016**

Innleiing ved ordførar Lilly Gunn Nyheim.

##### Fellesforslag til tilleggspunkt:

Ap, Sp, H, MDG, FrP og Krf sette fram følgjande tilleggspunkt:

Forhandlingsutvala i Surnadal og Halså har etter initiativ frå Halså arbeidd fram ein ny intensjonsavtale etter møtet i arbeidsutvalet den 07.06.16. Denne avtalen gjeld for dei to kommunane Halså og Surnadal. Surnadal avventer den politiske behandlinga i Halså før vi eventuelt går til vidare politisk behandling av denne.

### Votering:

Pkt. 1. Tilrådinga frå Arbeidsgruppe Kommunereform vart sarmøystes vedteken.

Pkt. 2. Tilrådinga frå Arbeidsgruppe Kommunereform vart vedteken med 23 mot 4 stemmer.

Pkt. 3. Fellesforslaget vart samrøystes vedteke.

### **Kommunestyret sitt vedtak:**

- Surnadal kommune ønsker å bli ein del av ein ny kommune samansett av Surnadal, Rindal og Halså.
- Dersom det ikkje er fleirtal for dette 3-kommunersalternativet i Rindal og Halså, vil Surnadal kommune halde fram som eigen kommune.
- Forhandlingsutvala i Surnadal og Halså har etter initiativ frå Halså arbeidd fram ein ny intensjonsavtale etter møtet i arbeidsutvalet den 07.06.16. Denne avtalen gjeld for dei to kommunane Halså og Surnadal. Surnadal avventer den politiske behandlinga i Halså før vi eventuelt går til vidare politisk behandling av denne.